

Covid-19 og næringslivet i Vestland

- Felles kunnskapsgrunnlag 6-2021

Korleis blir næringslivet i Vestland påverka?

Sist oppdatert: 8. juli 2021

Felles kunnskapsgrunnlag
for covid-19 og oljeprisfallet
blir publisert månedleg

Regional analysegruppe



BERGEN
KOMMUNE



NHO
Vestlandet



LO Vestland



BERGEN
NÆRINGSRÅD
Bergen Chamber of
Commerce and Industry



Regional analysegruppe



Ønsker du å få tilsendt nye versjonar av datagrunnlaget når dei er klare? Send epost til lasse.hansen@vlfk.no.

BAKGRUNN

På initiativ frå Næringsforum Vestland er det oppretta ei ad hoc analysegruppe som har som formål å kartlegge og gjere tilgjengeleg statistikk og analysar knytt til den pågåande covid-19-epidemien og kva påverknad dette har på næringslivet i Vestland.

Grappa skal fungere som eit møtepunkt for å diskutere problemstillingar knytt til datainnhenting og eventuelle hòl i kunnskapen, deling av relevant informasjon og utviklinga av ei felles forståing av situasjonen næringslivet i fylket står ovanfor, både på kort og lang sikt.

Grappa vil kvar måned publisere eit kunnskapsgrunnlag med oppdaterte data.

Spørsmål, innspel eller ønsker du å få tilsendt nye versjonar av datagrunnlaget når dei er klare? Kontakt prosjektleiar:

Lasse Kolbjørn Anke Hansen: lasse.hansen@vlfk.no, 99 22 84 58.

Følgjande organisasjonar deltek i analysegruppa:

Vestland fylkeskommune (prosjektleiing)

Bergen kommune

NAV Vestland

Innovasjon Norge Vestland

NHO Vestlandet

LO Vestland


KS Vest-Norge

Bergen Næringsråd

Sogn og Fjordane næringsråd

Nøkkelfunn frå denne versjonen


17 700 arbeidssøkjjarar i Vestland



Tal arbeidssøkjjarar i Vestland er no på 17 700. Det er ein nedgang på nesten 2 000 personar sidan utgangen av mai. Samstundes er 68 % av desse no langtidsledige.


[Sjå s. 4-7 for meir.](#)

Betringa i marknadssituasjonen held fram




Vestland-tal frå NHO si medlemsundersøking i juni syner at marknadssituasjonen held fram med å betre seg for verksemdar i Vestland. 1 av 5 rapporterer imidlertid om ei dårleg marknadssituasjon, og dei minste verksemdene slit mest. [Sjå s. 8 for meir.](#)

Tar inn færre sommarvikarar i år




Tal frå medlemsundersøkinga til NHO frå midten av juni viser at nesten 1 av 3 verksemdar i Vestland har tatt inn færre sommarvikarar enn sommaren 2019. Dette skjer samstundes som koronaledigheit gjer at kampen om jobbane er tøffare. [Sjå s. 10 for meir.](#)

Halvparten av verksemdene som fekk krisestøtta betra årsresultatet




Ei kartlegging som E24 har publisert syner at nær halvparten av dei verksemdene i Noreg som fekk krisestøtte («kontantstøtte») i 2020, fekk et betre årsresultat enn i 2019. [Sjå s. 15 for meir.](#)

17 700 arbeidssøkjjarar i Vestland i juni 2021




- Ved utgangen av juni 2021 er 5,2 % av arbeidsstyrken i Vestland arbeidssøkjande (heilt og delvis ledige pluss arbeidssøkjjarar på tiltak). Det er ein nedgang på 0,6 prosentpoeng frå mai, og dermed er det fjerde månad på rad med nedgang i ledigheita.
 - Likevel er det framleis over 17 700 arbeidssøkjjarar i fylket, 5 600 fleire enn februar 2020 og 6 300 fleire enn juni 2019.
- Både talet helt ledige (÷697), delvis ledige (÷920) og arbeidssøkjjarar på tiltak (÷326) går ned.
- Det er framleis klart flest arbeidssøkjjarar innan reiseliv og transport, følgt av serviceyrke og butikk- og salsarbeid.
 - Størst er nedgangen innan reiseliv og transport (÷807) og serviceyrke (÷307). Dette heng truleg saman med oppbemanning til sumarsesongen.
- På neste side er ei grafisk framstilling frå NAV Vestland som viser korleis arbeidssøkjjarane ved utgangen av november fordelte seg mellom permitterte og ikkje-permitterte.



Kjelde: NAV Vestland.


Arbeidssøkjarar i Vestland 2. juli fordelt på status

NAV Vestland har 17 746 arbeidssøkjarar registrert:



Arbeidsmarknadstatus etter varighet (+/- 26 uker) for arbeidssøkjere i Vestland i mai 2021


Sist oppdatert: 6. juli 2021



68 % av arbeidssøkjere i Vestland er langtidsledige

- Ved utgangen av juni 2021 var 68 % av dei arbeidssøkjande i Vestland langtidsledige (dvs. arbeidssøkjere i meir enn 26 veker). Det er ein auke på 1 prosentpoeng sidan førre månad.
- 64 % av heilt ledige, 73 % av delvis ledige og 78 % av arbeidssøkjere på tiltak er langtidsledige.
 - Talet arbeidssøkjere gjekk ned i mai, inkludert ein nedgang på 450 heilt ledige langtidsledige. Likevel blir ein stadig større del av dei heilt ledige rekna som langtidsledige, rett og slett sidan ein stadig større del av dei har vore ledige i meir enn eit halvt år.
 - Tal delvis ledige som er langtidsledige aukar med om lag 265 personar.
- Det er stor variasjon mellom kommunane:
 - I Lærdal er 83 % av arbeidssøkjere langtidsledige, medan det i Fjaler «berre» er 44 %.
 - Målt som del av arbeidsstyrken er delen langtidsledige høgast i Ulvik. 5 % av arbeidsstyrken i kommunen er langtidsledige per juni 2021.
 - Desse tala vil variere ein del frå månad til månad, sidan korttidsledige før eller sidan anten kjem tilbake i jobb eller går over i langtidsledigheit. Dermed vil ein kunne få relativt store skift om lag 26 veker etter ein periode der mange gjekk ut i ledigheit. I små kommunar er også tala såpass små at det er snakk om relativt få personar frå eller til før det gjer tydelege utslag.

Langtidsledige (>26 uker) som del av arbeidsstyrken i kommunane i Vestland etter status, juni 2021




Kjelde: NAV Vestland.

Bergen har no høgast tal heilt ledige som del av arbeidsstyrken

- Ved utgangen av mai er det Bergen, Øygarden, Høyanger, Hyllestad, Askøy og Ulvik som har høgast del heilt ledige som del av arbeidsstyrken.
- Nedgangen i heilt ledige som del av arbeidsstyrken i juni er størst i Eidfjord (÷2,2 prosentpoeng), Aurland (÷1,6 p.p.) og Fedje (÷1,2 p.p.).
- Aurland har også ein stor nedgang i delen delvis ledige (÷4,1 p.p.), og har dermed størst nedgang i del arbeidssøkjjarar (heilt + delvis ledige og arbeidssøkjjarar på tiltak) som del av arbeidsstyrken i fylket. Frå mai til juni blei det 59 færre arbeidssøkjjarar i kommunen, som svarar til ein nedgang på 6 prosentpoeng. Dette heng truleg saman med oppmanning før turistsesongen.
 - *Ingen andre kommunar er i nærleiken av så stor nedgang. Nærast er Eidfjord med ÷3 p.p., følgt av Fedje med (÷1,6 p.p..*
 - *Trass i dette er framleis 5,8 % av arbeidsstyrken i Aurland arbeidssøkjande.*
- I tal er ledigheita klart størst i Bergen. Ved utgangen av juni er nesten 5 300 personar heilt ledige, medan ytterlegare 3 800 er delvis ledige og litt over 750 på tiltak.

Kjelde: NAV Vestland.
Tal er i % av arbeidsstyrken.

Heilt ledige som del av arbeidsstyrken ved utgangen av juni 2021




Marknadssituasjonen betrar seg for vestlandsverksemdene


- Tal frå medlemsundersøkinga til NHO frå midten av juni viser at 19 % av verksemdene i Vestland rapporterer om at den generelle marknadssituasjonen er dårleg.
 - Dette er lågare enn i april og mai. På same tid har også delen som melder om ein god marknadssituasjon gått opp.*
- Det er dei minste verksemdene som i størst grad opplever ein dårleg marknadssituasjon. 22 % av verksemdar med opp til 9 årsverk rapporterer om dette, mot 19 % av dei med 10-49 årsverk og berre 11 % av verksemdar med over 50 årsverk. Dette er ein betydeleg nedgang for både dei minste og dei største verksemdene.
- Delen som rapporterer om nedgang i omsetnaden samanlikna med normalen var i april 2021 tilbake på same nivå som i januar, etter at det var ein markant auke under innstramminga i februar-mars. Nedgangen held fram i mai. I juni er det imidlertid ein liten auke igjen, slik at 44 % rapporterer om lågare omsetnad enn normalt.
 - Dette er likevel den nest lågaste delen som er målt sidan NHO byrja med dette spørsmålet i april 2020. På det meste rapporterte 71 % om lågare omsetnad enn året før (i midten av april 2020).*
 - Merk at NHO endra formuleringa på spørsmålet f.o.m. april 2021, slik at det i april ikkje lenger er «sammenliknet med samme periode i fjor», men heller «sammenliknet mot normalt».*

Kjelde: Medlemsundersøkingar frå NHO (tal for Vestland)

Hvordan vurderes den generelle marknadssituasjonen for din bedrift?



Hvordan har omsetningen i din bedrift vært, siste fire uker?




Nesten 1 av 3 mellomstore og store verksemder ventar auka sysselsetnad det neste kvartalet


- Tal frå NHO viser at om lag 1 av 3 verksemder i Vestland ventar høgare omsetnad det neste kvartalet. Dette er ein liten nedgang frå april, og på same tid har delen som ventar lågare omsetnad gått opp frå 15 % til 20 %. Dette kan ha samanheng med at for mange verksemder er sommaren ein periode med relativt lite aktivitet.
- Nær 1 av 4 ventar også auka sysselsetnad det neste kvartalet. Blant mellomstore og store verksemder er talet opp mot 1 av 3.
- Delen som vurderer at det er ein reell risiko for konkurs er 10 %, medan 15 % rapporterer om at dei manglar pengar til å betale rekningar som forfell om kort tid. Begge deler er identiske med mai-undersøkinga.
 - Begge delar er klart høgast blant dei minste verksemdene.*

Kjelde: Medlemsundersøking frå NHO (tal for Vestland) 3.-10. mai 2021


Omsetnad




Sysselsetnad



Salsprisar




Ordreservert



1 av 3 verksemder tar inn færre sommarvikarar enn før


- Tal frå medlemsundersøkinga til NHO frå midten av juni viser at nesten 1 av 3 verksemder i Vestland har tatt inn færre sommarvikarar enn sommaren 2019.
 - *Her er det omtrent ingen skilnad etter storleiken på verksemdene.*
- Undersøkinga har også tal for regionar i fylket, men grunna få respondentar per region er desse tala særst usikre. Dei viser at typiske reiselivsregionar som Sogn, Hardanger og Bergensregionen, samt Nordhordland, har høgst del verksemder som tar inn færre sommarvikarar.
- Nasjonale tal frå NHO-undersøkinga viser at 6 av 10 reiselivsverksemder vil ta inn færre vikarar i år.
- Fleire aktørar peiker også på at mellom anna koronaledigheita gjer at det blir meir konkurranse om dei sommarjobbane som er. Nettstaden finn.no rapporterer om ein auke på 75 % i søk etter «sommarjobb» på deira sider i mars og april 2021 samanlikna med same periode i 2020.

Har din bedrift tatt inn færre sommervikarar enn for to år siden (altså før Covid19)?



Kjelde: Medlemsundersøking frå NHO (tal for Vestland) 14.-21. juni 2021, samt artiklane «Koronaledighet skaper press på sommerjobbene – Sina vant kampen mot 800 andre» frå NRK, tilgj. frå <https://bit.ly/3qSuu9p> og «NHO-undersøkelse: Oppturen i norsk næringsliv fortsetter» frå NHO, tilgj. frå <https://bit.ly/36g4Rpx> [begge besøkt 7.7.2021].


Verdi av norsk sjømateksport per måned



Rekordhøg sjømateksport første halvleik av 2021

- Veksten i verdien av sjømateksporten held fram. Målt i verdi er første halvår av 2021 det beste nokosinne for norsk sjømateksport.
- I juni 2021 blei det eksport sjømat for 9,1 milliardar kroner. Det er 500 millionar kroner meir enn same månad i 2020 og 1,1 milliardar meir enn i 2019.
 - *Dette skuldast i stor grad pris, då mengda som vert eksportert er lågare enn i 2020 og berre litt høgare enn i 2019.*
- Det blei eksport sjømat for 53,7 milliardar kroner det første halvåret av 2021. Dette er ein auke på 646 millionar kroner frå same periode i fjor.
- Sjømatrådet trur eksporten kan halde fram med å vekse etter kvart som stadig fleire restaurantar verda over gjenopnar.
- Til no har vi eksportert høgare volum enn i fjor til land som Polen, Kina, Nederland, Frankrike, Spania, USA og Sør-Korea.
- Laks står for om lag 2 av 3 kroner i sjømateksport i år, sjølv om den «berre» utgjør 39 % av eksportvolumet. Det syner prisskilnadene mellom ulike fiskesortar.

10 største eksportmarkeder for sjømat hittil i år målt i mengde




Kjelde: Norsk Sjømatråd, tilgj. frå <https://nokkeltall.seafood.no/> [besøkt 7.7.2021] og artikkelen «Rekord-halfvår for norsk sjømat – eksportverdien var 53,7 milliarder kroner» frå E24, tilgj. frå <https://bit.ly/3hmCSup> [besøkt 7.7.2021]

Auke i kommersielle overnattingar av nordmenn, men vegar ikkje opp for bortfallet av utlendingar så langt i år


- Tal frå SSB viser at talet kommersielle overnattingar i Vestland i årets første fem månader er 2 % lågare enn same periode i 2020..
 - Det er hotell som dreg tala ned med 15 % færre overnattingar så langt i år.
 - Vi har ikkje pre-pandemital for Vestland, men for landet som heilskap er tala så langt i 2021 langt under 2019 og åra før.
- Det har faktisk vore ein auke i overnattingar av nordmenn (+ 3 %), medan 24 % av overnattingar av utlendingar er borte.
- Vestland er hardast råka av fylka på Vestlandet, og er det einaste vestlandsfylke med nedgang til no i år samanlikna med fjoråret (+4 % totalt i Rogaland og +6 % totalt i Møre og Romsdal).
- Trass i dette var mai 2021 likevel langt betre enn same månad i 2020 i alle tre fylka. Vestlandsfylka hadde minst 40 % fleire overnattingar i mai i år samanlikna med på same tid i fjor.
- Ei undersøking gjennomført av Norstat på vegne av NRK viser at 74 % oppgjer at dei vil bli i heimkommunen eller i Noreg gjennom sommaren, medan 8 % seier dei vil feriere i utlandet. Dette understøttar tal frå NHO Reiseliv si undersøking i slutten av mai.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå og artiklane «Familien Flystveit vil ikke feriere utenlands – tre av fire er enige» frå NRK, tilgj. frå <https://bit.ly/3ABIRTS> og «Ny undersøkelse: De aller fleste velger Norgesferie» frå NHO Reiseliv, tilgj. frå <https://bit.ly/3uxnHCa> [besøkt 29.5.2021].


Overnattinger i Vestland hittil i år etter bostedsland, mai 2021-mai 2020



Utvikling i kommersielle overnattinger etter bostedsland i fylkene på Vestlandet, april 2020-2021



Figur 1. Bruttonasjonalprodukt og konsum i hushalda. Sum tre måneder, rullerande.



Kilde:


Kjelde: Artikkelen «Aktiviteten i økonomien aukar igjen» frå SSB, tilgj. frå <https://www.ssb.no/nasjonalregnskap-og-konjunkturer/nasjonalregnskap/statistikk/nasjonalregnskap/artikler-om-nasjonalregnskap/aktiviteten-i-okonomien-aukar-igjen> [besøkt 8.7.2021]

Aktiviteten i økonomien aukar, men framleis under pre-pandeminivå

- Nye tal frå nasjonalrekneskapen viser at bruttonasjonalprodukt (BNP) for Fastlands-Noreg auka med 1,8 % i mai.
- Veksten fell saman med at samfunnet vert gradvis gjenopna. Det var særleg markant vekst innan varehandel som bidrog.
 - *Det var også god vekst for overnattings- og serveringstenester, og dessutan kultur, underholdning og annan tenesteyting, men frå eit lågt aktivitetsnivå.*
- Industri og bergverk vaks berre med 0,2 % frå april til mai, medan utvinning av olje og gass fell med 1,5 %.
- Fastlands-BNP ligg framleis 0,7 % under nivået i februar 2020.
- Eksporten fell med 2,1 %, trekt ned av lågare naturgassekspot, medan importen auka med 1,8 %.

Totalt innvilget tilskuddsbeløp til virksomheter i Vestland (mill. kr)

Sist oppdatert: 8. juli 2021




381 millionar kroner til verksemder i Vestland frå kontantstøtteordninga

- I november 2020 foreslo Regjeringa ei ny kompensasjonsordning for verksemder med stort omsetnadsbortfall som følgje av korona, som bygger på den førre ordninga som gjaldt for perioden fram til august 2020. Ordninga blir ofte kalla «kontantstøtte for bedrifter».
- Ordninga blei opna for søkjarane 18. januar, og det er til no gitt støtte for perioden september 2020-februar 2021.
- Per 8.7.2021 har verksemder i Vestland fått innvilga i underkant av 381 millionar kroner frå ordninga. Det er femte mest blant fylka, bak Oslo, Viken, Rogaland, og Troms og Finnmark.
 - Verksemder i Oslo har fått innvilga nesten 2,3 milliardar kroner i støtte, men dette skuldast mellom anna at mange store verksemder får all støtte ført på hovudkontoret. Blant dei største mottakarane så langt er t.d. hotellkjedane Scandic, Strawberry og Radisson, seismikksekskapet PGS og reiarlaget Color Line, alle med hovudkontor i Oslo samt reiarlaga Hurtigruten Pluss med hovudkontor i Tromsø og Fjord line med hovudkontor i Eigersund. Dette er også noko av årsaka til at ein så stor del av støtta til Vestland er kome til Bergen.*

- Bergen og Aurland har samla fått 2 av 3 støttekroner til Vestland.
- Dei neste to sidene har meir informasjon om korleis støtta har blitt fordelt.

Totalt innvilget tilskuddsbeløp per kommune i Vestland (mill. kr) (kommunar med >1 mill kr)




Kjelde: Nettstadane «Innsyn i tildelinger av tilskudd fra kompensasjonsordningen for næringslivet», tilgj. frå <https://bit.ly/2LcEYji> og «Hvem har fått kompensasjon», tilgj. frå <https://tabsoft.co/3atxot7> [besøkt 8.7.2021]

Halvparten av verksemdene som fekk krisestøtte gjorde det betre i 2020 enn i 2019

- Ei kartlegging som E24 har publisert syner at nær halvparten av dei verksemdene i Noreg som fekk krisestøtte («kontantstøtte») i 2020, fekk et betre årsresultat enn i 2019.
- For dei fleste var betringa større enn storleiken på støtta, som betyr at dei sjølv utan krisemidlar ville betra årsresultatet sitt.
- Tala gjeld dei som fekk støtte og som har levert rekneskap per 25.6.21, så dei endelege tala kan bli annleis.
- Sjå neste side for Riksrevisjonen sin gjennomgang av denne ordninga.

Kjelde: Artikkelen «Halvparten som fikk krisestøtte, gjorde det bedre i 2020 enn i 2019: – Har ingen positiv effekt for samfunnet» frå E24, tilgj. frå <https://bit.ly/2Uv3Ne0> [besøkt 8.7.2021].



Nokre få verksemder fekk ein høg del av koronastøtta


- Riksrevisjonen har undersøkt dei fem søknadsbaserte tilskotsordningane som blei iverksett våren 2020 som ein følge av koronakrisa med verketid i perioden fram til august-september 2020.
- Dei finn mellom anna at generelt for alle dei fem ordningane så fekk dei fleste søkjarane utbetalt relativt små beløp, medan eit fåtall søkjarar mottok store beløp.
 - For kompensasjonsordninga for næringslivet fekk 8 verksemder 17 % av den totale støtta.
 - 840 av dei totalt 34 200 verksemdene som fekk støtte frå denne ordninga fekk 58 % av støtta.
 - Det same er tilfelle for dei andre ordningane, og t.d. var det 14 verksemder som fekk 30 % av støtta under kulturordninga.
- Riksrevisjonen skriv at det er naturleg at store verksemder mottok ein stor del av støtta, men at det samstundes er grunn til å stille spørsmål ved dette.
- Samstundes konkluderer dei med at ordningane i all hovudsak verka etter intensjonen til Stortinget, som var å treffe verksemder som var spesielt hardt råka av nedstengingane.

Tabell 2 Gjennomsnittlig og største utbetaling per ordning

| Ordning | Gjennomsnittlig utbetalt per virksomhet | Største enkeltutbetaling per søknad | Høyeste samlede tildeling til en virksomhet |
|---|---|-------------------------------------|---|
| Kompensasjonsordningen for næringslivet | 156 000 kroner | 49 millioner kroner | 218 millioner kroner |
| Vedlikeholdsordningen | 205 000 kroner | 2,2 millioner kroner | 2,2 millioner kroner |
| Frivillighets- og idrettsordningen | 195 000 kroner | 24 millioner kroner | 27 millioner kroner |
| Kulturordningen | 889 000 kroner | 36 millioner kroner | 62 millioner kroner |
| Medieordningen | 694 000 kroner | 11 millioner kroner | 11 millioner kroner |


Kjelde: Rapporten «Riksrevisjonens undersøkelse av søknadsbaserte tilskudd i møte med virusutbruddet i 2020» frå Riksrevisjonen. Tilgj. frå <https://bit.ly/3wF940E> [besøkt 27.5.2021].

Figur 19 Antall virksomheter og andel tildelt fordelt på beløpskategori



Kilde: Kompensasjonsordningen.no, 27. januar 2021.

Merk at søknader som har 0 kroner og minusbeløp i utbetalingen, er utelatt fra analysen.




4 milliardar i offentlege tilskot til næringslivet i Vestland sidan 1.1.2020

- Regjeringa har publisert ei oversikt over støtta som er gitt til verksemder og næringar gjennom dei sokalla næringspolitiske verkemidlane sidan 1. januar 2020. Ikkje alt dette er korona-relatert, men mange eksisterande ordningar fekk oppjustert ramme og nye fullmakter som ein følge av krisa.
- I reine tilskot har verksemder i Vestland fått tredje mest i landet, bak Oslo og Viken.
- Til saman har det blitt gitt tilskot på nesten 4 milliardar til Vestland. Innovasjon Norge har gitt størst midlar til fylket.
 - I overkant av 2 milliardar kroner ekstraordinære verkemiddel eller verkemiddel med auka ramme.
- Samla for dei åtte tilskotsforvaltarane har over 7 000 føretak i fylket fått tilskot. Merk at same føretak kan ha fått støtte frå meir enn ei ordning, så det reelle talet unike tilskotsmottakarar er lågare.
 - Det er klart flest mottakarar av støtte frå Skatteetaten, som forvaltar kompensasjonsordninga for omsetnadsbortfall i fjor.

Kjelde: Nettstaden «Statistikkbank for næringspolitiske virkemiddel» frå Regjeringa. Tilgj. frå <https://bit.ly/2HIKePd> [besøkt 8.7.2021].

Over 4 milliardar i lån, garantiar og anna risikokapital til Vestland

- Regjeringa har publisert ei oversikt over støtta som er gitt til verksemder og næringar gjennom dei sokalla næringspolitiske verkemidlane til no i 2020, både koronarelaterte og ordinære midlar.
- I ordninga med lån, garantiar og anna risikokapital har Vestland det femte høgaste beløpet blant fylka i Noreg, bak Møre og Romsdal, Oslo, Rogaland og Viken.
- Føretak i Vestland har fått over 4 milliardar kroner gjennom desse ordningane. Det meste av dette kjem frå GIEK - Garantiinstituttet for eksportkreditt i form av garanterte lån.
 - *I voerkant av 2 milliardar av dei midlane er frå ekstraordinære verkemiddel eller verkemiddel med auka ramme.*
- Over 700 føretak i Vestland har fått støtte gjennom desse ordningane. Merk at same føretak kan ha fått støtte frå meir enn ei ordning, så det reelle talet unike tilskotsmottakarar er lågare.




Kjelde: Nettstaden «Statistikkbank for næringspolitiske virkemiddel» frå Regjeringa. Tilgj. frå <https://bit.ly/2HIKePd> [besøkt 8.7.2021].

1 av 3 fryktar eller har allereie fått dårlegare økonomi grunna pandemien

- Vestland fylkeskommune har analysert individdata for Vestland frå ei større spørjeundersøking gjennomført av Folkehelseinstituttet i Oslo, Agder, Nordland og Vestland i november-desember 2020.
- Om lag 1 av 3 i Vestland fryktar eller har allereie fått dårlegare økonomi som følgje av korona, og personar med innvandrarbakgrunn er overrepresenterte blant desse.
- Personar som jobbar i serveringsbransjen har i stor grad allereie merka konsekvensane av pandemien, og 41 % svarar at dei har fått dårlegare økonomi.
 - *Også innan transportsektoren og anna tenesteytande næring er det relativt mange som har fått dårlegare økonomi.*
- På spørsmål om respondentane ønskjer å få tilbake tilværet til slik det var før pandemien, svarar 62 % «ja, heilt klart», men nesten 1 av 3 ønskjer berre delvis å gå tilbake til slik situasjonen var før.
 - *Dessverre fekk ikkje dei som berre delvis ønskja seg tilbake til situasjonen før pandemien oppfølgingsspørsmål om kva dei ønskjer skal vere annleis, men blant dei 4 % som svarar at dei overhodet ikkje ønska seg tilbake, er det meir tid til familie og venar, meir heimekontor og mindre jobbreise som er ønske for framtida.*


Kjelde: Rapporten «Koronaundersøkinga i Vestland» frå Vestland fylkeskommune. Tilgj. frå <https://bit.ly/3yFDC4K> [besøkt 25.5.21].

Frykt for dårleg økonomi



Figur 6 viser prosentfordeling av dei som allereie har fått dårlegare økonomi (dei fire søylane til venstre) og dei som fryktar at utbrotet skal føre til dårlegare økonomi (til høgre). Svara er sortert etter kva for bransje dei som svara, tilhøyrer. Strekane på søylene viser konfidensintervallet på kvart resultat

Ønsker for eit endra liv etter korona




Figur 17 viser kva dei som ikkje vil tilbake til livet slik det var før pandemien, ønskjer seg av endring. Dei svarte strekane på kvar søyle viser usikkerheitsintervalla.

Innvandrere hardest råka av koronatiltak i arbeidslivet

- Ein ny artikkel frå SSB syner at ein større del sysselsette med innvandrerbakgrunn mista jobben i løpet av 2020 enn befolkninga elles.
 - *Dette skuldast i stor grad at desse er overrepresenterte i næringane som vart hardest råka av koronatiltaka.*
- Blant alle som var sysselsette i Noreg per 4. kvartal 2019, var 7,2 % utan jobb eitt år seinare. Både blant innvandrere og norskfødde med innvandrarforeldre var talet om lag 11 %, mot 6,3 % for befolkninga utan innvandrerbakgrunn.
 - *SSB tilskriv endringa i stor grad korona, sjølv om ein del sjølv sagt også har slutta i jobben grunna alderspensjon, uførleik, overgang til utdanning m.m.*
- Personar i 20-åra er hardest råka blant alle dei tre befolkningsgruppene. Dette gjer at gruppa norskfødde med innvandrarforeldre vert særleg påverka, sidan 55 % av desse er i alderen 20-29 år.
 - *På same vis er dei som berre har grunnskuleutdanning er overrepresentert blant dei som mista jobben i løpet av 2020.*
- Skilnaden mellom befolkningsgrupper, aldersgrupper og utdanningsgrupper heng i stor grad saman med at pandemien har råka næringar ulikt, og at enkelte grupper er overrepresenterte innan næringar som er spesielt hardt og langvarig råka.


Kjelde: Artikkelen «Innvandrere mest rammet av koronatiltakene» frå SSB. Tilgj. frå <https://bit.ly/3ukw2Ji> [besøkt 27.5.21].

Figur 2. Sysselsatte i 2019 (20-66 år) etter innvandrerbakgrunn, verdensregion og yrkesstatus per 4. kvartal 2020




Kilde: Statistisk sentralbyrå.

Figur 3. Sysselsatte i 2019 etter alder og innvandrerbakgrunn. Prosentandel ikke-sysselsatte per 4. kvartal 2020



Kilde: Statistisk sentralbyrå.


Figur 2. Andel personer yngre enn 35 år med yrkeskompetanse fra våren 2016, 2018 eller 2020 som var sysselsatt¹ i november samme år, etter detaljert utdanningsprogram



Kilde: Statistisk sentralbyrå.

Merk: figurane viser nasjonale tal.

Figur 3. Antall personer yngre enn 35 år med fagutdanning fra våren 2016, 2018 eller 2020 som var sysselsatt¹ i november samme år, etter næring (1-siffernivå)



Kilde: Statistisk sentralbyrå.

Tøff start på yrkeslivet for nyutdanna innan restaurant- og matfag under pandemien

- Tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB) viser at det samla sett ikkje har vore større utfordringar for nyutdanna med fagutdanning å kome i jobb under koronapandemien enn tidlegare år.
 - Samla fullførte i underkant av 21 500 personar under 35 år fagutdanning i Noreg i 2020, og av desse var det om lag 16 000 som fekk yrkeskompetanse etter å ha bestått fag- eller sveineprøve.*
- Samstundes er det skilnadar mellom ulike utdanningsprogram og næringer.
 - Innan Bygg og anleggsteknikk og Elektro og datateknologi var 9 av 10 som avslutta utdanningsprogrammet våren 2020 i jobb i november same år.*
 - Innan Restaurant og matfag var tilsvarende 78 %. Det er ein nedgang frå over 85 % i 2018, og heng saman med stengte restaurantar og serveringsstader under pandemien.*
- For Vestland har vi ikkje tal per utdanningsprogram eller næring, berre for fagutdanning samla.
 - I Vestland fullførte 2 643 personar under 35 år fagutdanning i 2020. Blant dei om lag 2 000 av desse som ikkje gjekk vidare med meir utdanning, var 88,4 % i jobb i november. Dette er rundt same nivå som andre fylke, om vi ser bort frå Oslo kor talet var 84,2 %.*
 - Dette er også om lag det same som i Hordaland i 2018 og nokre prosentpoeng lågare enn i Sogn og Fjordane same år.*

Kjelde: Artikkelen «Hvordan gikk det med de fagutdannede i koronaåret?» frå SSB. Tilgj. frå <https://bit.ly/3fpy7PJ> [besøkt 27.5.21] og tal frå SSB.

Det var alt for denne gong!

Spørsmål, ris eller ros kan rettast til:

Lasse Kolbjørn Anke Hansen (prosjektleder)

Vestland fylkeskommune

Epost: lasse.hansen@vlfk.no

Telefon: 99 22 84 58